



Notat

Til: Møtedeltakarane

Kopi til: Rådmann Martin W. Kullid

Saksbehandler: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Anny Bastesen

Vår referanse: 16/1055 - 9 / FE - 611, TI - &50

Dato: 27.06.2017

Emne: Referat etter forhandlingsmøte 07. juni 2017

Tid: Onsdag 07. juni 2017 kl 10:00 – 12:00

Stad: Rådhuset i Meland, møterom 1

Til stades: Advokat Odd Walther Moi, pva grunneigar
Roger Håkon Skår, pva grunneigar
Ordfører Øyvind H. Oddekalv
Eigedomsforvaltar Erik Knag Johannesen
Sektorsjef teknisk Anny Bastesen

Møtet kom i stand etter invitasjon frå kommunen. Det er halde takst over eigedomen og bygningane som står der. Kommunen ønskjer å komme fram til semje om overtaking av det aktuelle arealet ved ein minneleg avtale, og har sett fram eit skriftleg tilbod om kvadratmeterpris. Prisen byggjer m.a. på omsetning av tilsvarande areal i kommunen og status på sentrumsutviklinga. Det tyder kr 350,- pr m², som er langt over takst. Alternativt tilbyr kommunen å overta heile eigedomen dersom grunneigar ønskjer det, til takst.

Advokaten legg til grunn at eigedomen må takserast i høve til verdien den ville hatt som regulert bustadområde. Alternativt kva næringseigedomar i regionen blir vurdert til på finn.no, ikkje berre i Meland. Prisen må opp mot kr 1000,- pr m² før det er aktuelt å inngå minneleg avtale.

Kommunen opplyste at vedtekne budsjетtrammer ligg til grunn for forhandlingane frå kommunen si side. Kommunen held fast på at tilbodet er godt. Kommunen viser til at Statens vegvesen i seinare tid har erstatta næringsareal med kr 500,- pr m² når eigedomen er etablert og utbygd. Dette er ikkje

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

tilfelle for gnr 23 bnr 10; eiegdomen er verken detaljregulert, klargjort for bygging eller tilrettelagt med infrastruktur.

Advokaten meiner at kommune sitt tilbod tilsvarer det som ville blitt gitt ved skjøn. For å unngå ekstraarbeid og utgifter til skjøn, må kommunen heve tilbodet til nærare 500,- kr /m².

Dette bryt med dei kommunale rammene som gjeld for forhandlingane og ein kan slå fast at det ikkje er mogeleg å komme fram til ein minneleg avtale. Gjennom møtet er standpunkta avklart, og formålet med er møtet er innfridd.

Advokaten drøfter situasjonen med sin part og kjem tilbake med eit skriftleg svar.

Anny Bastesen

Ref.